

Vedlegg til søknad om tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane.

For å få politisk forankring, vert formannskapet referansegruppe .

Frå administrasjonen i Fedje kommune vil følgjande stå for det administrative arbeidet og gjera den praktiske delen av jobben :

Øyvind Tolleshaug – teknisk sjef og GIS-ansvarleg med stor lokalkunne, liker å gå på tur.

Erlend Høgestøl – nyttilsett planleggar med stort engasjement

For å få kjennskap til alle aktuelle friluftsområder i kommunen, vil vi ha nær kontakt med skulen og barnehagen. Første til fjerde klasse ved Fedje skule har uteskule kvar onsdag etter andre time. I ungdomsskulen har dei eit valfag som har namnet Natur, miljø og friluftsliv. Dette er eit fellesfag for 8., 9. og 10. klasse.

Heinz Diehl er sjukepleiar. Han har mellom anna ansvar for koordinering av folkehelsearbeidet

Dei siste åra har padling mellom øyane nord for Fedje vorte ein omtykka aktivitet. Dette miljøet er ikkje organisert men eg har kontaktar i padlemiljøet sjølv om eg ikkje padlar sjølv.

I Fedje kommune er det ingen natur-, fritids- og friluftsorganisasjonar eller Turlag/jeger og fiskeforeiningar.

For å kompensera for dette, vil vi ta kontakt med engasjerte enkeltpersonar / turgåarar utan at eg vil namnge dei i søknaden når dei ikkje er spurde.

10. februar 2017

Øyvind Tolleshaug